Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato: 26.02.2021
Vår ref: 2020/17810
Dykkar dato:
Dykkar ref:

Likelydande brev til:

1. Langøylaks AS
2. Austevoll Melaks AS
3. Troland Lakseoppdrett AS
4. Vestland fylkeskommune

Saksbehandlar, innvalstelefon
Gunn Helen Henne, 5764 3140

Løyve til utslepp frå Langøylaks AS, Austevoll Melaks AS og Troland Lakseoppdrett AS på lokaliteten Bleket i Kinn kommune

Statsforvaltaren gir mellombels løyve etter forureiningslova for utslepp frå produksjon av 3120 tonn MTB for laksefisk på lokaliteten Bleket. Løyvet gjeld for tre produksjonsperiodar. Dersom fylkeskommunen treng ein konkret sluttdato for løyvet jf. akvakulturlova, ber vi om at denne blir avklart direkte med søkjar ut frå forventa driftsplan.

Utsleppsløyvet blir gitt med fleire vilkår. Verksemdene skal overvake korallførekomstane rundt anlegget. Overvakinga skal følgje ein overvakingsplan som skal sendast til Statsforvaltaren innan to månader frå dette vedtaket er motteke.

Verksemdene skal elles overvake miljøtilstanden rundt anlegget med C-granskingar etter frekvensar gitt i NS 9410:2016, og det skal årleg utførast overvaking av strandsona i nærleiken av anlegget.

Vi viser til søknad frå Langøylaks AS av 05.11.2020 som vart oversendt frå Vestland fylkeskommune den 23.11.2020, med ettersending av kommunalt vedtak den 14.01.2021. Søknaden vart komplettert av søkjar med ettersending av rapportar for C-gransking og ROV-kartlegging av naturmangfald, sistnemnde vart motteken den 14.01.2021.

Statsforvaltaren i Vestland gir løyve på visse vilkår. Løyvet med tilhøyrande vilkår er lagt ved dette brevet, med likelydande dokument til kvar av dei tre verksemdene som skal drive samlokalisert på lokaliteten. Løyvet er gitt med heimel i forureiningslova § 11, jf. § 16.

Løyvet er ikkje gyldig før Vestland fylkeskommune har gitt løyve etter akvakulturlova.

Statsforvaltaren har lagt vekt på ulempene for miljøet ved tiltaket og vurdert desse opp mot andre fordelar og ulemper tiltaket vil medføre. Ved fastsetjinga av vilkåra har Statsforvaltaren også lagt til grunn kva verksemda kan oppnå med bruk av beste tilgjengelege teknikkar.

Dei utsleppskomponentane frå verksemda som blir rekna for å ha størst påverknad på miljøet, har vi uttrykkeleg regulert gjennom spesifikke vilkår i løyvet. Utslepp som ikkje er uttrykkeleg regulert på denne måten, er omfatta av løyvet i den grad opplysningar om slike utslepp vart framlagde i samband med sakshandsaminga eller på annan måte må reknast å ha vore kjent då vedtaket vart

gjort. Dette gjeld likevel ikkje utslepp av prioriterte stoff som står nemnd i vassforskrifta[1] sitt vedlegg VIII C og D nr. 2, andre EU-utvalde og vassregionspesifikke stoff[2]. For verksemder som nyttar slike stoff som innsatsstoff, eller der slike stoff blir danna under produksjonen, er utslepp av stoffa berre omfatta av løyvet dersom dette går uttrykkeleg fram av vilkåra i løyvet.

Vi understrekar at all forureining frå verksemda isolert sett er uønskt. Sjølv om utsleppa er innanfor dei fastsette utsleppsgrensene, pliktar verksemda å redusere utsleppa så langt dette er mogeleg utan urimelege kostnader. Det same gjeld utslepp av komponentar det ikkje uttrykkeleg er sett grenser for gjennom særskilte vilkår.

Dette løyvet kan seinare endrast eller trekkjast tilbake med heimel i forureiningslova § 18.

Løyvet er gitt mellombels for tre produksjonsperiodar og fell bort når siste produksjonen er fullført. Det vil seie at dersom verksemda ønskjer å halde fram med akvakulturproduksjon på denne lokaliteten etter dette, må det søkjast om det.

At det er gitt løyve til forureining, fritek ikkje verksemda frå erstatningsansvar for skade, ulemper eller tap som skuldast forureininga, jf. forureiningslova § 56.

I tillegg til dei krav som følgjer av løyvet, pliktar verksemda å rette seg etter forureiningslova og produktkontrollova, og dei forskriftene som er heimla i desse lovene. Enkelte av forskriftene er nemnde i løyvet.

Brot på løyvet er straffbart etter forureiningslova §§ 78 og 79. Også brot på krav som følgjer direkte av forureiningslova og produktkontrollova, og forskrifter fastsett i medhald av desse lovene, er straffbare.

Nokre viktige fristar

Vilkår nr.	Innhald	Frist
12.6	Plan for overvaking av sårbar natur	Innan 2 månader frå løyvet er motteke
12.4	Strandsonegransking	Årleg, i løpet av sommarhalvåret
11.2	Rapportere miljødata og ev. avvik	1. mars kvart år
12.1 og 12.2	Gransking av organisk belastning og prioriterte stoff	Frekvens etter NS9410:2016, første gong på slutten av første produksjonsperiode

Fleire vilkår og meir detaljert informasjon om kvart vilkår står i løyvedokumentet som er lagt ved.

Om saka

Kort om søknaden

Det blir søkt om etablering av ein ny lokalitet for oppdrett av laks, aure og regnbogeaure ved Bleket på nordsida av Husevågøy i Vågsfjorden i ytre del av Nordfjord. Produksjonen skal flyttast frå ein eksisterande lokalitet om lag halvannan kilometer lengre vest, 39377 Husevågøy, til den nye lokaliteten Bleket. Husevågøy-lokaliteten kan berre drivast ut inneverande produksjonsperiode, ettersom løyvet etter forureiningslova vart trekt tilbake på grunn av funn av viktig og sårbart naturmangfald (uvanleg store mengder av blomkålkorallar) like ved plasseringa til dette anlegget.

---

[1] Forskrift om rammer for vannforvaltningen av 15.12.2006, nr. 1446

[2] Veileder M-608 2016 Grensverdier for klassifisering av vann, sediment og biota

Ved Bleket er det søkt om ein lokalitetsbiomasse på 3120 tonn maksimal tillaten biomasse (MTB), som er same avgrensing som for lokaliteten det blir flytta frå. Det er dermed ikkje tale om nokon samla auke i biomasseproduksjonen eller totale utsleppsmengder til resipienten.

Det omsøkte anlegget består av seks ringar fordelt i to rekkjer (rammefortøying på 160x240 m), og i tillegg ein fôrflåte plassert sørvest for ringane. Anlegget vil dekke eit areal på ca. 38 000 m^2.

Kommunal handsaming

Tilhøvet til plan

Kinn kommune har 06.08.2020 gitt mellombels dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel for anlegget si plassering ved Bleket. Vedtaket har vore påklaga, og er stadfesta av settefylkesmann 15.12.2020. Dispensasjonen vart gitt med vilkår som gjeld plassering av fortøyingar og marine kulturminne. I klageavgjerda vart det sett eit tilleggsvilkår: *«Dispensasjonen er mellombels fram til kommunen har vedtatt ny arealdel til kommuneplanen, men slik at pågåande produksjonssyklus kan fullførast uavhengig av resultatet i kommuneplanen».*

Offentleg høyring

Søknaden har vore lagt ut til offentleg høyring 27.11.20 - 28.12.2020 og det kom inn ein merknad frå ålmenta. I tillegg har det vore fleire merknader i samband med dispensasjonssaka. Dei momenta som gjeld forureining og natur- og miljøfaglege tema er tatt med i Statsforvaltaren si vidare vurdering.

- Oddbjørn Nygård i Steinvik Camping har merknader som gjeld visuell forsøpling og konfliktar med turistnæring, fisketurisme og generelt fritidsfiske/friluftsliv. Han ottast at kvaliteten på villfisken i området vil bli forringa, som følgje av utsleppa av fiskefôr og legemiddel frå anlegget.
- Ludvik Skram i sameiet Gåsholmen har merknader som gjeld konfliktar knytt til flytting av anlegget nærmare eigedomen sin, med negative verknader for rekreasjon, fugleliv, fiskeplassar og kvaliteten til villfisk og krabbe i området.
- Fiskeridirektoratet har merknader som gjeld fiskefelt nær anlegget, situasjonen for verksemda som følgje av tilbaketrekkinga av Husevågøy-lokaliteten, raudt «trafikklys» i produksjonsområde 4, og generelt om behovet for god arealplanlegging for å sikre god og berekraftig forvaltning av sjøområda i Nordfjord.

Kommunen si vurdering

Kinn kommune har i sin uttale 07.01.2021 vist til at det er gitt dispensasjon frå arealplanen for plasseringa til anlegget, og er positiv til søknaden. Kommunen minner om at plasseringa må avklarast med Kystverket og Fiskeridirektoratet.

Vurdering

Statsforvaltaren har handsama søknaden etter forureiningslova og vurdert han etter natur-, friluftsliv-, vilt-, lakse- og innlandsfiskeinteresser, og naturmangfaldlova.

Prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8 til 12 skal leggjast til grunn som retningsliner ved avgjerda. Desse prinsippa gjeld kunnskapsgrunnlaget (§ 8), føre-var-prinsippet (§ 9), økosystemtilnærming og samla belastning (§ 10), at tiltakshavar skal ta kostnadane for å avgrense miljøforringing (§ 11) og miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar (§ 12).

Korallførekomstar

Søkjar har kartlagt naturmangfald på botn på den nye lokaliteten med ROV-filming, der søkjar sin konsulent har hatt tett dialog med Havforskingsinstituttet om metoden og omfanget for kartlegginga. Kartleggingsomfanget ved Bleket (figur 1) ligg opp mot det som nyleg er foreslått frå Havforskingsinstituttet[3] som standardmetode for kartlegging på nye lokalitetar for akvakulturanlegg, og dekker ein vesentleg større del av botn enn det som har vore vanleg i andre akvakultursøknader hittil.



Figur 1. Plassering av akvakulturanlegg, overgangssoner, prøvetakingspunkt og koralltransekt. Anleggsarealet for lok. Husevågøy og Bleket er vist med hhv. lilla og blå farge, og overgangssoner er vist med lilla farge.

Korallfunna frå ROV-kartlegginga er rapportert av STIM[4]. Statsforvaltaren har i tillegg fått tilgang til noko meir rådata frå Havforskingsinstituttet sin gjennomgang av videomaterialet, for meir utfyllande informasjon om fordelinga av funna langs dei ulike transekta. Kartlegginga viser at det er mykje mindre blomkålkorallar i området ved Bleket enn ved Husevågøy, medan det er til dels tette førekomstar av dei andre artane som normalt sett dominerer i naturtypen hardbunnskorallskog: sjøbusk, risengrynskorall og sjøtre (figur 2).

Naturtypen *hardbunnskorallskog*[5] er vurdert som ein *nær truga* (NT) naturtype i norsk raudliste for naturtypar, medan dei ulike dominerande korallartane kvar for seg er rekna som *nær truga* (NT) for sjøtre, og *livskraftig* (LC) for sjøbusk, risengrynskorall og blomkålkorall. Påverknader på korallskogen frå akvakulturanlegg er ikkje tatt med i raudlistevurderingane som hittil er gjort.

Korallar er seintveksande organismar. Skadeverknader er rekna som irreversible, ettersom det vil kunne ta svært lang tid, dersom det i det heile er mogleg, å reetablere bestandar eller naturtypelokalitetar i område der korallane blir skadde eller går tapt.

Det er samla sett registrert mange hundre korallfunn i det undersøkte området rundt Bleket. Arten med høgast tal og tettleik er sjøbusk. I nærområda til anlegget er det også mange sjøtre, som er arten med mest sårbar raudlistestatus av dei artane som er funne rundt Bleket. Det er størst samla tettleik av korallar i dei delane av transekta som ligg tettast på det planlagde anleggsarealet, og vår vurdering av funna er at dette utgjer naturtypen hardbunnskorallskog.

---

[3] Kutti og Husa (2020): *Forslag til metode for kartlegging av korall og svamp ved nye akvakulturanlegg*. Rapport fra Havforskningen 2020-43. Havforskingsinstituttet.

[4] *Vurdering av korallforekomster ved lokalitet Bleket.* STIM Miljø rapport nr 3-2021

[5] https://artsdatabanken.no/rln/2018/310/hardbunnskorallskog?mode=headless



Figur 2. Funn av korallane sjøtre, sjøbusk, risengrynskorall og blomkålkorall i nærleiken til planlagd anleggsplassering på lokaliteten Bleket. Figuren er henta frå STIM Miljø rapport 3-2021.

Havforskingsinstituttet har tidlegare vurdert at det generelt sett er risiko for påverknad på korallførekomstar som ligg nærare enn 1000 – 1500 meter frå eit ope oppdrettsanlegg[6]. Dei tettaste korallførekomstane ved Bleket er i hovudsak funne i skråningane ned mot fjordbotn på nordsida av anlegget. Avstanden mellom anlegget og korallfunna er ned mot 100 meter på det minste, og dei fleste av dei tettaste funna ligg innafor ein avstand på ca. 300 meter frå anlegget sin ytterkant. Med den kunnskapen vi har i dag, vurderer vi at etablering av det omsøkte anlegget på Bleket med så liten avstand, gir ein vesentleg risiko for redusert overleving eller skade på korallar.

Straummønsteret på lokaliteten og modellering av partikkelspreiing og vassutskifting kan nyansere biletet noko, i den forstand at ikkje alle utslepp frå anlegget vil transporterast til vekseområda for korallane. Både straummålingsrapporten[7] og rapporten frå ROV-kartlegginga har feil i nokre av figurane som skulle vise samla vasstransport og straummønster på ulike djup på lokaliteten. Ut frå datagrunnlaget ser vasstransporten ut til å ha hovudretningar som vekslar mellom austlege og vestlege retningar, men data frå spesielt 5 og 110 meter indikerer at det også vil vere ein ikkje uvesentleg transport både mot nordvest, nord og nordaust, som er i retning mot korallførekomstane.

Ei spreiingsmodellering for organisk belastning, utført av Havforskingsinstituttet, som er referert til i ROV-kartlegginga, ser ut frå kartmaterialet ut til å vere utført før anleggsplasseringa vart justert til det som no er søkt om. STIM viser til at *«det meste av materialet vil havne på bunnen under og i umiddelbar nærhet til anlegget, og at hovedretningen på spredningen går mot vest og øst-sørøst».* Vi har ikkje meir informasjon om modelleringa enn dette, men går ut frå at konklusjonane til ei viss grad også vil dekke ny anleggsplassering.

Modellering kan gi eit visst inntrykk av forventa påverknad. Det er likevel den faktiske påverknaden vi må ta stilling til. Det er naudsynt med meir kunnskap både om spreiing av utsleppa og kva

---

[6] Husa mfl. (2016): *Effekter av utslipp fra akvakultur på spesielle marine naturtyper, rødlista habitat og arter.* Rapport fra Havforskningen nr. 8 – 2016. Havforskingsinstituttet.

[7] *Strømmålinger ved Bleket.* STIM Miljø rapport nr 44-2020

korallane toler over tid. Ettersom ein skade på korallskogen blir vurdert som irreversibel, må tiltaket gjennomførast på ein slik måte at risiko for permanent skade ikkje er til stades.

Kunnskapsmangel

Vi har ikkje eit godt nok kunnskapsgrunnlag til å kunne vere sikker på at korallførekomstane ved Bleket ikkje blir negativt påverka av tiltaket, jf. § 8 i naturmangfaldslova. Korallkartlegging, modellering av utslepp og flytting av anlegg er gjort for å auke kunnskapsgrunnlaget og redusere risikoen for at utslepp av partikulært organisk materiale påverkar området med korallskog. Kunnskapsgrunnlaget er likevel ikkje godt nok til å gi eit permanent løyve på lokaliteten. Vi vurderer likevel at det er rom for å gi eit mellombels utsleppsløyve for tre produksjonsperiodar, med krav om overvaking og vidare kunnskapsinnhenting. Vi vurderer at dette er tilstrekkeleg tid til å kunne observere eventuelle fysiologiske endringar hjå korallførekomstane, og dermed få eit betre inntrykk av om avstand og utsleppsmengd er innafor det korallane toler. Om den innhenta kunnskapen ikkje er tilstrekkeleg når løyveperioden går ut, vil vi kunne vurdere å forlenge perioden for mellombels løyve.

Langøylaks AS, Austevoll Melaks AS og Troland Lakseoppdrett AS må følgje opp korallførekomstane rundt anlegget med overvaking som følgjer eit overvakingsprogram, jf. vilkår 12.6 i utsleppsløyvet. Plan for overvaking skal sendast Statsforvaltaren seinast 2 månader etter at dette vedtaket er motteke. Overvakinga skal gjerast av uavhengig og kompetent organ. Resultata frå overvakinga vil gi eit grunnlag for våre vurderingar av seinare utsleppssøknader på denne lokaliteten.

Kva om korallane vert skadde?

Anlegget får ikkje løyve til å påverke korallskogen nemnande. Dersom overvakinga syner teikn til at korallskogen tek skade som følgje av utsleppa frå anlegget, har Statsforvaltaren heimel til å endre løyvet og om naudsynt trekke det tilbake.

Verksemda har også eit sjølvstendig ansvar for å unngå skade på sårbart naturmangfald. Dette gjeld både førebygging og å nytte teknikkar og driftsmetodar som gjev minst mogleg skade. I samband med etableringa av anlegget er det viktig å ta nødvendige omsyn ved utlegging av fortøyingane. I drifta av anlegget må det vere eit mål å halde utsleppa så låge som mogleg, innafor rimelege grenser. Dersom skade på korallskogen vert oppdaga, skal Statsforvaltaren varslast omgåande.

Andre verdiar for natur og friluftsliv i området

Fritidsfiske og friluftsliv

Merknader til søknaden peikar på at etableringa vil komme i konflikt med fritidsfiske i området, og gi redusert kvalitet på fisk og krabbe. Statsforvaltaren har ikkje kjennskap til friluftsområde av prioritert nasjonal eller regional verdi som anleggsplasseringa kan komme i konflikt med. Eit oppdrettsanlegg vil beslagleggje areal i kystsona og kan såleis ha ein viss negativ verknad for nærområdet sin generelle verdi for fritidsfiske og friluftsliv m.m. Eit anlegg ved Bleket kan fortrengje andre typar aktivitet knytt til fritidsfiske og friluftsliv. Vektinga av ulike arealinteresser er gitt av kommunen sin dispensasjon frå arealplanen for etableringa, og akvakultur har såleis fått ein viss forrang framfor annan bruk av dette området. Når det gjeld kvalitet på sjømat rundt oppdrettsanlegg, blir det ikkje gitt løyve til at utsleppa frå anlegget skal få nemnande verknad ut over overgangssona.

Marine naturtypar

Eit stort område av fjorden like aust for lokaliteten, frå om lag ved Gåsholmen og inn til Rugsund, er registrert som eit *lokalt viktig* gytefelt for torsk. Naturtypen *større tareskogførekomst*[8] er registrert med ein *viktig* lokalitet (verdi B) langs med store delar av nordaustlege Husevågøy, frå Ramsevika og til aust for Grindøya. Lokaliteten består av fleire område av tareskog med kort avstand frå kvarandre. Ut frå straumbilete og avstand reknar vi ikkje med at anlegget vil ha nokon vesentleg verknad på tareskogen eller gytefeltet.

Vill anadrom fisk

Lokaliteten ligg i produksjonsområde 4 – Nordhordland til Stad, som i trafikklyssystemet for vidare vekst i akvakulturproduksjonen per i dag har raud farge pga. for stor lakselusbelastning på vill anadrom fisk. Lokaliteten ligg om lag 35 km utanfor grensa for den nasjonale laksefjorden i Eidsfjorden, og over 50 km utanfor laksefjorden i indre Nordfjord. Det er ingen større laksevassdrag like ved lokaliteten, men det er sannsynleg at noko av laksesmolten frå dei tre nasjonale laksevassdraga i Nordfjord (Eidselva[9], Stryneelva[10] og Oldeelva[11]) og andre større laksevassdrag i fjorden vandrar forbi her. Næraste større sjøaurevassdrag er Rimstadelva[12] på Totland, ca. 17 km unna, der bestanden av sjøaure er kategorisert som omsynskrevjande i Lakseregisteret. Det er sannsynleg at sjøaure frå elvar både i ytre strok og lengre inne i fjorden kan nytte denne delen av fjorden til vandring og næringssøk.

Nordfjord er eit fjordsystem der villaks og sjøaurebestanden allereie har utfordringar med lakselus og rømming. Kunnskapen om påverknad frå fiskeoppdrett på ville bestandar tilseier at det er ein direkte samanheng mellom tal vertar i fjorden og tal parasittar som kan infisere dei ville vertsdyra. Ettersom det blir søkt om å flytte produksjonen frå Husevågøy til Bleket, vil tiltaket truleg ikkje bidra til særskilt auka lakselusnivå i fjorden. Påverknaden på vill anadrom fisk utover direkte utsleppsverknader, blir elles vurdert av andre sektormyndigheiter og ligg ikkje til grunn for Statsforvaltaren sitt vedtak etter forureiningslova.

Fugl

Det er ikkje registrert verneområde for sjøfugl eller hekkelokalitetar for rovfugl innan fem kilometers avstand. Ein merknad til søknaden meiner at anlegget vil få negativ verknad for fuglelivet i området ved Gåsholmen. Minsteavstanden mellom anlegget og den nærmaste av holmane ved Gåsholmen blir om lag 500 meter. Områda ved Gåsholmen har ikkje nokon vernestatus, og vi har ikkje opplysningar om at desse holmane har vesentleg større verdi for fuglelivet enn resten av strandlina og skjergarden i området. Vektinga av ulike interesser er gitt av kommunen sin dispensasjon frå arealplanen.

Sjøområdet som resipient

Utslepp frå produksjon i opne merdar vil i hovudsak påverke resipienten med organisk materiale frå fekaliar og fôr, men anlegget vil også kunne ha utslepp av legemiddel, vaske- og desinfeksjonsmiddel, nôtimpregneringsmiddel, drivstoff og plastpartiklar. Statsforvaltaren skal vurdere påverknaden tiltaket har på ytre miljø lokalt og i området rundt lokaliteten.

---

[8] https://faktaark.naturbase.no/?id=BM00122036
[9] https://lakseregisteret.fylkesmannen.no/visElv.aspx?vassdrag=Eidselva%20(Hornindalsvassdraget)&id=089.Z
[10] https://lakseregisteret.fylkesmannen.no/visElv.aspx?vassdrag=Stryneelva%20(Strynselva)&id=088.Z
[11] https://lakseregisteret.fylkesmannen.no/visElv.aspx?vassdrag=Oldeelva%20(Stryn)%20(Oldenelv)&id=088.1Z
[12] https://lakseregisteret.fylkesmannen.no/visElv.aspx?vassdrag=Rimstadelva%20(V%C3%A5gs%C3%B8y)&id=089.62Z

Lokaliteten Bleket høyrer til vassførekomsten Vågsfjorden (ID-nr 0282011101-C i Vann-Nett), som er eit område klassifisert som beskytta kyst/fjord. Registrerte påverknader i vassførekomsten er i hovudsak kommunalt og spreidde avløp, og utslepp frå akvakulturanlegg og mindre industriverksemder. Det som finst av informasjon om påverknader og overvakingsdata for den generelle miljøtilstanden i fjorden tyder samla sett på svært god økologisk og god kjemisk tilstand per i dag, og at det ikkje er risiko for å bryte med miljømålet i vassforskrifta om å oppretthalde denne miljøtilstanden framover.

Vågsfjorden er ytste delen av Nordfjord. Vidare nordvestover er det grunnare område med renner og tersklar før ope hav. Det er stort sett svært bratte fjordsider på Husevågøy-sida, som flatar ut i eit større djupområde med største djupne på ca. 330 meter midtfjords. Fjorden har djupner rundt 310-320 meter ved botnen av fjordskråninga utanfor lokaliteten Bleket. Anlegget blir liggande delvis oppå eit platå som er om lag 80-100 meter djupt, og delvis ut over øvste delen av skråninga ned mot fjordbotn. Botn i nærområdet til anlegget er kupert, med ei renne i nordvestleg retning på innsida mot land, og utspring og «nakkar» både aust og nordvest for anlegget. Søraust for anlegget er det eit grunnare sund med djupne rundt 20-30 meter mellom Buøyna og Gåsholmen.

Førehandsgranskingar av botntopografi og -type, straum, sediment og botnfauna[13] gir samla sett eit bilete av ein lokalitet med antatt tilstrekkeleg resipientkapasitet til å omsette dei organiske utsleppa frå anlegget som det er søkt om:

Botnen under anlegget er ei blanding av hard og blaut botn, skråninga ned mot fjordbotn er bratt hardbotn, og ved botn av skråninga er det flatare blautbotn. Sedimentet viser stort sett normalt låge verdiar av kopar og sink (men C2-stasjonen hadde moderate sinknivå). Det organiske innhaldet er i grenseland mellom tilstand god (II) og moderat (III) målt som TOC, medan glødetapet viser normalt låge nivå på 4-8 %. Oksygennivåa som er målt er høge i heile vassøyla.

Lokaliteten ligg eksponert til, og det er registrert relativt høg gjennomsnittshastigheit og svært få tilfelle av straumstille på alle måledjupa for straum i anleggsområdet. Det er funne relativt grovkorna sediment på alle dei undersøkte stasjonane i overgangssona, noko som tyder på botnstraum som spreier og transporterer dei finaste partiklane vekk. Risikoen for stor opphoping av partikulære organiske utslepp på botn verkar ut frå dette å vere låg både i anleggs- og overgangssona.

Vasstransporten på dei ulike måledjupa i anleggsområdet vekslar noko mellom austlege og vestlege hovudretningar (innover og utover fjorden). Det er også vesentlege straumkomponentar på enkelte djup mot nordlege eller sørlege retningar (ut mot skråninga eller innover mot grunnare område mot Husevågøy og Gåsholmen). Dette gjer at det likevel vil kunne vere transport av utslepp til område som ikkje er undersøkt i forundersøkinga. Vidare overvaking i driftsfasen må følgje med på om det er delar av overgangssona som har andre miljøtilhøve og ev. lågare resipientkapasitet.

I tillegg til vedlagt miljødokumentasjon nyttar Statsforvaltaren også eventuelle data og rapportar frå tidlegare sakshandsaming og oppfølging av andre nærliggjande akvakulturanlegg eller andre verksemder, som utfyllande informasjon for å vurdere miljøtilstand og -påverknad i området. Vi har sett på tidlegare miljøgranskingar som er gjort ved lokaliteten Husevågøy like vest for lokaliteten Bleket, og ein eldre rapport frå den sletta lokaliteten Buøysund litt lenger aust. Desse stadfestar biletet av Bleket som ein straumsterk lokalitet med stor vassutskifting som kan ventast å gi tilstrekkeleg spreiing og omsetting av utslepp frå den omsøkte produksjonen på 3120 tonn MTB.

---

[13] Notat frå STIM Florø om botnkartlegging datert 02.11.2020, *Strømmålinger ved Bleket* STIM Miljø rapport nr 44-2020, *(C-undersøkingsrapport utan namn)* STIM Miljø rapport nr 64-2020, og *B-undersøkelse ved lokalitet Bleket* STIM Miljø rapport nr 43-2020

Verksemda må overvake miljøtilstanden på lokaliteten med C-granskingar etter frekvensar gitt i gjeldande versjon av NS 9410 jf. vilkår 12.1 i utsleppsløyvet.

Særskilt om nokre av vilkåra

Koparforureining

Anlegg som nyttar koparimpregnerte nøter har utslepp av kopar, som ikkje blir brote ned i sedimentet. Koparen blir verande i lang tid, også etter at anlegget er lagt ned. Koparnivåa kan bli svært høge i anleggsområdet, og i nokre tilfelle har vi også sett at koparnivåa over tid kan komme i konflikt med miljømåla i vassforskrifta for større område. I vilkår 12.2 blir det sett krav om måling av kopar i sedimentprøvar dersom anlegget slepp ut kopar til miljøet, som blant anna frå koparimpregnerte nøter.

Støy og lys

Utslepp av støy og sjenerande lys frå oppdrettsanlegg er ofte kjelde til at naboar til anlegget klagar til Statsforvaltaren. Nærmaste bygningar ser ut frå kartgrunnlag ut til å ligge om lag 500 og 650/800 meter frå det planlagde anlegget/flåten. Det er viktig at verksemda nyttar beste tilgjengelege teknologi for å redusere støyutsleppa. Utslepp av støy er regulert gjennom grenser sett i utsleppsløyve vilkår 7.1. Verksemda må også innrette lys slik at det blir til minst mogleg plage for naboar og andre, jf. vilkår 7.2.

Utslepp av kjemikal

Oppdrettsnæringa har hatt ein gradvis auke i forbruket av kjemikal knytt til avlusing og nôtimpregnering. Vi manglar kunnskap om korleis ein del av desse stoffa verkar på miljøet over tid. Vilkår 2.7 i utsleppsløyvet set krav om at alle utslepp skal risikovurderast.

Utslepp av plast

Store delar av eit oppdrettsanlegg er vanlegvis laga av plast, og slitasje vil medføre utslepp av mikroplast til det marine miljøet. All aktivitet og produksjonsutstyr skal risikovurderast med omsyn til utslepp av mikroplast og plastforsøpling. Basert på risikovurderinga skal verksemda utarbeide tiltaksplanar og rutinar som skal redusere dette, jf. vilkår 9.4 i utsleppsløyvet. Verksemda må nytte beste tilgjengelege teknikkar for å redusere utsleppa av plast og mikroplast.

Konklusjon

Statsforvaltaren meiner at kunnskapsgrunnlaget er til stades for å kunne gje Langøylaks AS, Austevoll Melaks AS og Troland Lakseoppdrett AS mellombels utsleppsløyve på 3120 tonn MTB for laksefisk på lokaliteten Bleket. Verksemdene får kvar sitt likelydande løyvedokument. Vi gjer merksam på at total samla lokalitetsbiomasse er avgrensa til 3120 tonn MTB, uavhengig av om det er ein eller fleire ansvarlege som driv på lokaliteten.

Løyva gjeld for tre produksjonsperiodar. Statsforvaltaren har ikkje sett ein konkret utløpsdato for løyva. Vi føreset at fylkeskommunen avklarer ein slik dato direkte med søkjar, dersom det er behov for det, ut frå planlagt drift.

Langøylaks AS, Austevoll Melaks AS og Troland Lakseoppdrett AS skal overvake korallførekomstane rundt anlegget. Plan for overvakinga skal sendast til Statsforvaltaren seinast to månader etter at dette vedtaket er motteke.

Langøylaks AS, Austevoll Melaks AS og Troland Lakseoppdrett AS skal overvake miljøtilstanden rundt anlegget med C-granskingar etter frekvensar gitt i NS 9410:2016.

Varsel om gebyr for sakshandsaming

Statsforvaltaren tar sakshandsamingsgebyr for arbeidet med løyve. Reglane om gebyrinnkrevjing er gjevne i forureiningsforskrifta kapittel 39. Ressursbruken knytt til saksbehandlinga blir lagt til grunn ved val av gebyrsats.

På grunnlag av arbeidsmengda som søknaden om etablering av eit nytt akvakulturanlegg ved Bleket medfører for Statsforvaltaren, varslar vi at gebyret vil bli fastsett til gebyrsats 5, jf. forureiningsforskrifta § 39-4 om arbeid med fastsetjing av nye og endring av løyve. Det vil seie at gebyret vil bli på 67 600 kroner.

Ettersom det er Langøylaks AS som står som ansvarleg for søknaden, er det frå vår side tenkt at heile gebyret blir fakturert til denne verksemda. Dersom de ønskjer ei anna fordeling, eller har andre merknader til varselet om gebyr, har de høve til å gje oss tilbakemelding om dette. Dersom vi ikkje mottek merknader innan tre veker, blir det gjort vedtak i samsvar med det som er varsla over.

Erstatningsansvar

Utsleppsløyvet fritek ikkje verksemda for erstatningsansvar for forureiningsskade, jf. § 10 og kap. 8 i forureiningslova.

Klage

Statsforvaltaren si avgjerd kan bli klaga på til Miljødirektoratet av partane i saka eller andre med rettsleg klageinteresse. Klagefristen er tre veker frå underretning om Statsforvaltarens vedtak er kome fram eller frå vedkommande fekk eller burde ha skaffa seg kjennskap til vedtaket. Klager som kjem inn etter denne fristen kan ikkje påreknast å bli handsama, jf. forvaltningslova § 31. Ein eventuell klage skal opplyse om kva klagen gjeld og kva de ønskjer å endre. Klagen skal grunngjevast. Klagen skal sendast til Statsforvaltaren.

Ein eventuell klage fører ikkje automatisk til at gjennomføringa av vedtaket blir utsett. Statsforvaltaren eller Miljødirektoratet kan etter oppmoding eller av eige tiltak avgjere at vedtaket ikkje skal gjennomførast før klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Avgjerda av spørsmålet om gjennomføring kan ikkje klagast på.

Partane har innanfor visse rammer rett til å sjå dokumenta i saka. Ta kontakt med Statsforvaltaren for fleire opplysningar om dette. Statsforvaltaren kan på førespurnad også gi fleire opplysningar om reglar for saksbehandling og andre reglar av betyding for saka.

Vi sender kopi av dette brevet med vedlegg til dei saka vedkjem, jf. vedlagt adresseliste.

Med helsing

Kjell Kvingedal
miljødirektør

Sissel Storebø
seksjonsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:
1 Løyvedokument med vilkår - Langøylaks AS - lok. Bleket - 3120 t MTB
2 Løyvedokument med vilkår - Austevoll Melaks AS - lok. Bleket - 3120 t MTB
3 Løyvedokument med vilkår - Troland Lakseoppdrett AS - lok. Bleket - 3120 t MTB

Mottakarliste:

LANGØYLAKS AS	Møkster	5387	MØKSTER
AUSTEVOLL MELAKS AS	Tråvik 44B	5384	TORANGSVÅG
TROLAND LAKSEOPPDRETT AS	Troland 35	5384	TORANGSVÅG
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN

Kopi til:

Kinn kommune	postboks 294	6701	MÅLØY
Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Mattilsynet	Postboks 383	2381	BRUMUNDDAL
Miljødirektoratet	Postboks 5672 Torgarden	7485	TRONDHEIM
Sameiet Gåsholmen (e-post)			
Steinvik Camping (e-post)			

Statsforvaltaren i Vestland

Løyve til verksemd etter forureiningslova

Løyvet er gitt med heimel i forureiningslova § 11, jf. § 16. Løyvet er gitt på grunnlag av opplysningar som kom fram i søknad og under saksbehandlinga. Vilkåra går fram av side 4 til og med side 19.

Dersom verksemda ønskjer endringar i driftsforhold som kan ha noko å seie for forureininga frå verksemda og som ikkje er i samsvar med det som vart lagt til grunn då løyvet vart gitt eller sist endra, må verksemda i god tid på førehand søkje om endring av løyvet. Verksemda bør først kontakte Statsforvaltaren for å avklare om dei treng ei slik endring.

Dersom heile eller vesentlege delar av løyvet ikkje er teke i bruk innan 4 år etter at løyvet er tredd i kraft, skal verksemda sende ei utgreiing om omfanget til verksemda slik at Statsforvaltaren kan vurdere eventuelle endringar i løyvet.

Data om verksemda

Akvakulturlokalitet[1]	**45072 Bleket**	
Produksjonskapasitet	**3120 tonn MTB matfisk av laksefisk**	
Kommune og fylke	Kinn i Vestland	
Verksemd	Troland Lakseoppdrett AS	
Postadresse	Troland 35, 5384 Torangsvåg	
Org. nummer	956 876 354 (føretaksnr.)	(bedriftsnr.)
Bransje og NACE-kode	Akvakultur, 03.211 - Produksjon av matfisk, bløtdyr, krepsdyr og pigghuder i hav- og kystbasert akvakultur	

Statsforvaltaren sine referansar

Løyvenummer	Anleggsnummer	Arkivkode
2021.0250.T	4602.0252.02	20/17810 – 542.1
Kartreferanse (WGS 84)	Vassførekomst (Vann-nett-ID)	Vassområde
61° 54,743’ N 05° 05,596’ Ø	0282011101-C Vågsfjorden	Nordfjord

Løyve gjeve fyrste gong: 26.02.2021	Siste revisjon etter § 18 i forureiningslova: -	Dato for siste endring: 19.03.2021
Kjell Kvingedal miljødirektør	Sissel Storebø seksjonsleiar	

Løyvet er godkjent elektronisk og har difor ikkje underskrift.

[1] Jf. Akvakulturregisteret, https://www.fiskeridir.no/Akvakultur/Registre-og-skjema/Akvakulturregisteret

Innhaldsliste

1. Rammevilkår 4
2. Generelle vilkår 4
2.1 Utsleppsavgrensingar 4
2.2 Plikt til å halde grenseverdiar 4
2.3 Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg 4
2.4 Utskifting av utstyr 4
2.5 Plikt til førebyggjande vedlikehald 5
2.6 Tiltaksplikt ved auka forureiningsfare 5
2.7 Internkontroll 5
3 Utslepp til vatn 5
3.1 Utsleppsavgrensingar 5
3.1.1 Organisk belastning 5
3.1.2 Utslepp av kjemikal, medrekna legemiddel 6
3.2 Diffuse utslepp 6
3.3 Kjølevatn 6
3.4 Sanitæravløpsvatn 6
3.5 Mudring 6
4 Utslepp til luft 7
4.1 Lukt 7
5 Grunnforureining og forureina sediment 7
6 Kjemikal 7
6.1 Vurdering av substitusjon og alternative metodar for kjemikal og legemiddel 7
6.3 Informasjon til fiskehelsepersonell som tar på seg oppdrag på lokaliteten 8
7. Støy og lys 8
7.1 Støy 8
7.2 Lys 9
8. Energi 9
9. Avfall 9
9.1 Generelle krav 9
9.2 Handtering av farleg avfall 10
9.2.1 Generelle krav til handtering 10
9.3. Handtering av produksjonsavfall og slam 10
9.4 Mikroplast 10
10. Deponi for eige avfall 10
11. Utsleppskontroll og journalføring 10
11.1 Utsleppskontroll og journalføring 10
11.2 Rapportering til Statsforvaltaren av utsleppsrelevant data 11
12 Overvaking av resipient og rapportering til Statsforvaltaren 11
12.1 Krav til gransking av organisk belastning 12
12.1.1 Tilleggsgranskingar ved redusert tilstand 12
12.1.2 Tiltak ved uakseptabel botnpåverknad 12
12.2 Gransking av prioriterte stoff, prioriterte farlege stoff og vassregionspesifikke stoff 12
12.2.1 Gransking av stoff i samband med C-granskingar 12
12.2.2 Tilleggsgranskingar ved overskriding av grenseverdiar 13
12.2.3 Tiltak ved uakseptabel miljøtilstand 13
12.3 Hydrografimålingar 13
12.4 Strandsonegransking 13
12.5 Makroalgegransking 14

12.6 Overvaking av sårbar natur 14
12.7 Støysonekartlegging 14
12.8 Rapportering til Statsforvaltaren og registrering i Vannmiljø 14
12.8.1 Rapportering av miljøgranskingar, planar og tiltak 14
12.8.2 Registrering i Vannmiljø 14
13 Tiltak for førebygging og beredskap mot akutt forureining 15
13.1 Miljørisikoanalyse 15
13.2 Førebyggjande tiltak 15
13.3 Beredskapsanalyse 15
13.4 Beredskapsplan 15
13.5 Beredskapsetablering 15
13.6 Øving av beredskap 16
13.7 Varsling av akutt forureining 16
14. Utskifting av utstyr 16
15. Eigarskifte 16
16. Nedlegging 16
17. Tilsyn 17
VEDLEGG 1 - Liste over prioriterte miljøgifter, jf. punkt 2.1 18

Endringslogg

Endringsnr.	Dato	Punkt	Endringar
1	19.03.2021	Framsida	Referansar til Akvakulturregisteret og Forurensning

Føresetnader

Produksjonsramma i dette løyvet kan først takast i bruk frå det tidspunktet Vestland fylkeskommune har gjeve løyve etter akvakulturlova. Dersom fylkeskommunen sitt vedtak gjev løyve til ei lågare produksjonsramme enn det som løyvet etter forureiningslova tillèt, er det produksjonsramma i fylkeskommunen sitt vedtak som er gjeldande avgrensing.

Dersom løyve etter akvakulturlova på eit seinare tidspunkt fell bort, vil heller ikkje løyvet etter forureiningslova gjelde lenger.

Løyvet gjeld berre saman med dei vilkåra som er gitt i dette dokumentet. Verksemda må rette seg etter alle vilkåra i løyvet, desse er særskilde juridiske krav til verksemda. Utfyllande kommentarar til enkelte av vilkåra står i oversendingsbrevet, og dokumenta må lesast i samanheng med kvarandre.

1. Rammevilkår

Løyvet gjeld forureining frå akvakulturproduksjon av matfisk i sjø. Løyvet gjeld også for aktivitet på eventuell landbase knytt til denne produksjonen.

Løyvet er gitt mellombels for tre produksjonsperiodar og gjeld for ein maksimal tillaten biomasse (MTB) av laksefisk på inntil 3120 tonn på lokaliteten.

Løyvet er basert på søknad som oppgir 4000 tonn planlagd årleg produksjon, med forventa årleg fôrforbruk på 4500 tonn.

Ved samlokalisering av fleire løyve/aktørar på lokaliteten er den totale lokalitetsbiomassen avgrensa til 3120 tonn MTB, uavhengig av eventuell innbyrdes fordeling av produksjonen på fleire ansvarlege.

2. Generelle vilkår

2.1 Utsleppsavgrensingar

Dei utsleppskomponentane frå verksemda som er forventa å ha størst verknad på miljøet, er uttrykkeleg regulerte gjennom spesifikke vilkår i dette løyvet punkt 3 til 17. Utslepp som ikkje er uttrykkeleg regulert på denne måten, er også omfatta av løyvet så langt opplysningar om slike utslepp kom fram i samband med saksbehandlinga, eller må reknast for å ha vore kjent på annan måte då vedtaket vart gjort. Dette gjeld likevel ikkje utslepp av prioriterte miljøgifter oppførte i vedlegg 1. Utslepp av slike komponentar er berre omfatta av løyvet dersom dette går fram gjennom uttrykkeleg regulering i punkt 3 til 17.

2.2 Plikt til å halde grenseverdiar

Alle grenseverdiar skal haldast innanfor dei fastsette midlingstidene. Variasjonar i utsleppa innanfor dei fastsette midlingstidene skal ikkje avvike frå det som er vanleg for verksemda i ein slik grad at det kan føre til auka skade eller ulempe for miljøet.

2.3 Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg

All forureining frå verksemda, medrekna utslepp til luft og vatn, støy og avfall, er isolert sett uønskt. Sjølv om utsleppa vert haldne innanfor fastsette utsleppsgrenser, pliktar verksemda å redusere utsleppa sine, medrekna støy, så langt det er mogleg utan urimelege kostnader. Plikta omfattar også utslepp av komponentar som det ikkje er sett uttrykkelege grenser for gjennom vilkår i punkt 3 og i punkta etter i løyvet.

For produksjonsprosessar der utsleppa er proporsjonale med produksjonsmengda, skal ein eventuell reduksjon av produksjonsnivået som eit minimum føre til ein tilsvarande reduksjon i utsleppa.

2.4 Utskifting av utstyr

Ved utskifting av utstyr må det nye utstyret tilfredsstille prinsippet om bruk av beste tilgjengelege teknikkar for å motverke forureinande utslepp og annan negativ innverknad på miljøet (BAT-prinsippet), jf. punkt 2.3.

Dersom utstyr skal skiftast ut for å gjere det mogleg å oppnå tydelege utsleppsreduksjonar, skal verksemda gi melding til Statsforvaltaren om dette i god tid før det vert teke avgjerd om val av utstyr.

2.5 Plikt til førebyggjande vedlikehald

For å halde dei ordinære utsleppa på eit lågast mogleg nivå og for å unngå utilsikta utslepp, skal verksemda syte for førebyggjande vedlikehald av utstyr som kan ha noko å seie for utsleppa. System og rutinar for vedlikehald av slikt utstyr skal vere dokumenterte.

2.6 Tiltaksplikt ved auka forureiningsfare

Dersom det oppstår fare for auka forureining skal verksemda så langt det er mogleg utan urimelege kostnader setje i verk tiltak som er nødvendige for å eliminere eller redusere den auka forureiningsfaren. Om nødvendig må verksemda redusere eller innstille drifta.

Verksemda skal så snart som mogleg informere Statsforvaltaren om forhold som kan føre til vesentleg auka forureining eller forureiningsfare. Akutt forureining skal varslast i samsvar med punkt 13.4.

2.7 Internkontroll

Verksemda pliktar å etablere internkontroll for drifta si i samsvar med gjeldande forskrift[2]. Internkontrollen skal mellom anna sikre og dokumentere at verksemda held krava i dette løyvet, forureiningslova, produktkontrollova og relevante forskrifter til desse lovene. Verksemda pliktar å halde internkontrollen oppdatert.

Verksemda pliktar å alltid ha oversikt over alt som kan føre til forureining og kunne gjere greie for risikoen for forureining. Plikt til å gjennomføre risikoanalyse med omsyn til *akutt* forureining følgjer av punkt 13.1.

3 Utslepp til vatn

3.1 Utsleppsavgrensingar

3.1.1 Organisk belastning

Fôrspill skal reduserast mest mogleg.

Utslepp av fôr og fekaliar frå anlegget skal ikkje føre til at raudlista korallskog og/eller korallrev vert negativt påverka. Ved mistanke om eller påvist skade på korallane som følgje av utsleppet har verksemda plikt til å gjennomføre avbøtande tiltak for å førebyggje og hindre vidare skade. Statsforvaltaren skal straks varslast om ei slik hending oppstår. Sårbare korallførekomstar skal årleg overvakast, jf. punkt 12.6

Utslepp av fôr og fekaliar frå anlegget skal ikkje føre til at organisk materiale vert akkumulert i sedimentet i overgangssona over tid.

Dersom overvaking etter NS 9410:2016 (jf. punkt 12.1), viser at tilstanden for blautbotnfaunaen i ytterkanten av overgangssona (prøvestasjon C_2) er dårlegare enn "god" eller tilstanden inne i overgangssona (gjennomsnitt for prøvestasjon C_3–C_n) er dårlegare enn "moderat", og utslepp frå anlegget medverkar til dette, skal verksemda gjennomføre tiltak for å betre tilstanden. Ein tiltaksplan skal sendast til Statsforvaltaren.

[2] Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta) av 06.12.1996, nr. 1127.

Dersom hydrografimålingar, jf. punkt 12.3, syner at tilstandsklassen for oksygen er dårlegare enn «god» og utslepp frå akvakulturanlegget bidreg til dette, skal verksemda gjere tiltak for å betre oksygentilstanden. Ein tiltaksplan skal sendast til Statsforvaltaren.

Strandsona i nærleiken til anlegget skal ikkje vere synleg påverka av forureining frå verksemda.

3.1.2 Utslepp av kjemikal, medrekna legemiddel

Utslepp av kopar og prioriterte miljøgifter som t.d. kadmium, kvikksølv, PCB og PBDE i fôrspill og fekaliar er tillate, men det skal reduserast mest mogleg i tråd med vilkår i punkt 3.1.1 og punkt 6. Slike utslepp er likevel berre tillatne dersom fôret kjem frå fôrleverandørar som er registrerte og/eller godkjende etter Mattilsynet sitt regelverk. Statsforvaltaren kan på bakgrunn av ny kunnskap fastsette ei meir presis og eventuell også strengare regulering.

Utslepp av legemiddel er tillate dersom legemiddelet er rekvirert av autorisert veterinær eller fiskehelsebiolog, og nytta slik som føreskrive.

Utslepp i samband med klinisk utprøving av nye legemiddel utan marknadsføringsløyve er ikkje omfatta av dette løyvet.

Utslepp frå akvakulturanlegg skal ikkje føre til at stoff som nemnt i vassforskrifta[3] vedlegg VIII C og D nr. 2, andre EU-utvalde og vassregionspesifikke stoff[4] over tid blir akkumulert i sedimenta slik at mengda overstig miljøkvalitetsstandardar for sediment fastsett i punkt 12.2.

3.2 Diffuse utslepp

Akvakulturanlegget skal ikkje ha diffuse utslepp til vatn.

Diffuse utslepp frå landbasen, for eksempel avrenning frå lagerområde og område for lossing/lasting, som kan medføre skade eller ulempe for miljøet, skal avgrensast mest mogleg. Avrenning av overflatevatn frå verksemda sine uteareal skal handterast slik at det ikkje kan føre til skade eller ulempe for miljøet.

Oljehaldig avløpsvatn frå verkstader eller liknande skal reinsast tilfredsstillande i oljeutskiljar eller tilsvarande reinseeining.

3.3 Kjølevatn

Verksemda skal ikkje ha utslepp av kjølevatn.

3.4 Sanitæravløpsvatn

Kommunen er mynde for regulering av sanitæravløpsvatnet frå verksemda.

3.5 Mudring

Dersom det som følgje av drifta til verksemda skulle vise seg å vere nødvendig med mudring, skal verksemda innhente nødvendig løyve frå forureiningsmynde.

---

[3] Forskrift om rammer for vannforvaltningen av 15.12.2006, nr. 1446

[4] Veileder M-608 2016 Grensverdier for klassefisering av vann, sediment og biota

4 Utslepp til luft

4.1 Lukt

Akvakulturanlegget inkludert landbase skal drivast slik at luktulemper til omgjevnadene blir avgrensa mest mogleg. Dette gjeld også for bruk av tenesteleverandørar.

Fôrlagring, daudfiskhandtering, spyling, reingjering og tørking av nøter, tauverk og anna utstyr, handtering av avfall og andre aktivitetar ved anlegget og landbasen skal gå føre seg på ein slik måte at det ikkje fører til nemnande luktulemper for naboar eller andre.

5 Grunnforureining og forureina sediment

Aktivitetar på landbasen skal vere innretta slik at det ikkje skjer utslepp til grunnen som kan føre til nemneverdige skader eller ulemper for miljøet.

Verksemda pliktar å setje i verk førebyggjande tiltak som skal hindre utslepp til grunn og grunnvatn og tiltak som er eigna for å avgrense verknaden på miljøet av eit eventuelt utslepp. Utstyr og tiltak som skal hindre utslepp til grunn og grunnvatn, eller hindre at eventuelle utslepp fører til skade eller ulempe for miljøet, skal overvakast og haldast ved like regelmessig. Denne plikta gjeld tiltak som står i eit rimeleg forhold til dei skadar og ulemper som skal hindrast.

Verksemda pliktar til å til ei kvar tid halde oversikt over både eventuell eksisterande forureina grunn på verksemdsområdet og eventuell forureina sediment utanfor. Det same gjeld faren for spreiing, og om det er trong for undersøkingar og tiltak. Dersom det er nødvendig å setje i verk undersøkingar eller andre tiltak, skal forureiningsstyringsmakta varslast om dette.

Terrenginngrep som kan medføre fare for at forureining i grunnen spreier seg, må ha godkjend tiltaksplan etter forureiningsforskrifta kapittel 2[5], og eventuelt løyve etter forureiningslova. Tiltak i forureina sediment må ha løyve etter forureiningslova eller forureiningsforskrifta kapittel 22.

6 Kjemikal

Med kjemikal meiner vi her kjemiske stoff og stoffblandingar som vert brukte i verksemda, både som råstoff i prosess og som hjelpekjemikal. Slike kjemikal kan til dømes vere groehindrande middel, vaskemiddel, hydraulikkvæsker og middel brukte for å hindre brann.

6.1 Vurdering av substitusjon og alternative metodar for kjemikal og legemiddel

For kjemikal som vert brukte på ein slik måte at det kan føre til fare for forureining, skal verksemda dokumentere at ho har gjort ei vurdering av helse- og miljøeigenskapar til kjemikala på bakgrunn av testing eller annan relevant dokumentasjon, jf. også punkt 2.7 om internkontroll.

Verksemda pliktar å etablere eit system for substitusjon av kjemikal der vurdering og konklusjon blir dokumentert. Verksemda skal gjere ei kontinuerleg vurdering av faren for skadelege effektar på helse og miljø valda av dei kjemikala som vert brukte, og av om alternative kjemikal eller metodar finst. Skadelege effektar knytte til produksjon, bruk og endeleg disponering av produktet, skal

[5] Jf. forurensningsforskriftens kapittel 2 om opprydning i forurenset grunn ved bygge- og gravearbeider

vurderast. Der betre alternativ finst, pliktar verksemda å bruke desse så langt dette kan gå føre seg utan urimeleg kostnad eller ulempe[6].

Stoff åleine, i stoffblandingar og/eller i produkt, skal ikkje framstillast og seljast, eller bli brukte utan at dei oppfyller krava i REACH-regelverket[7] og andre regelverk som gjeld for kjemikal.

Verksemda pliktar å vurdera alternative metodar for å førebyggja sjukdom og parasittar, for å redusere bruken av legemiddel. Denne plikta gjeld ikkje når veterinær eller fiskehelsebiolog har føreskrive legemiddelbehandling.

6.2 Impregnerte nøter

Ved reingjering av nøter som er impregnerte med miljøfarlege kjemikal, skal det gjerast tiltak for å minimere utsleppa. Miljøfarlege kjemikal er stoff eller stoffblandingar som vil gi akutt skade og/eller langtidsverknader i miljøet. Utslepp av slike impregneringsmiddel skal overvakast, jf. punkt 12.2.

6.3 Informasjon til fiskehelsepersonell som tar på seg oppdrag på lokaliteten

Dersom fisken skal behandlast med legemiddel på lokaliteten, skal verksemda informere veterinær eller fiskehelsebiolog som føreskriv legemiddelet om forhold som har noko å seie for effektane av utslepp frå legemiddelbehandlinga, medrekna omtale av artar og naturtypar ved lokaliteten som kan verte negativt påverka av utslepp, og lokale forhold (inkl. djupne og straum) som har noko å seie for spreiinga av utsleppet.

7. Støy og lys

Akvakulturanlegget skal utformast og verksemda skal driftast slik at det ikkje fører til nemnande støy- og lysulemper for omgjevnadene. Bruk av tenesteleverandørar skal planleggast slik at det ikkje fører til støy-, lukt- og lysulemper.

7.1 Støy

Akvakulturanlegget sitt bidrag til utandørs støy ved omkringliggjande bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar og barnehagar skal ikkje overskride følgjande grenser, berekna som innfallande lydtrykknivå ved mest støyutsette fasade:

Dag (kl. 07-19) $L_{pAekv12h}$	Kveld (kl. 19-23) $L_{pAekv4h}$	Natt (kl. 23-07) $L_{pAekv8h}$	Natt (kl. 23-07) L_{AFmax}
Kvardagar: 55 dB Laurdagar, sundagar og heilagdagar: 50 dB	50 dB	45 dB	60 dB

L_{pAekyT}: gjennomsnittleg (energimidla) nivå for varierande støy over ein gitt tidsperiode, T
L_{AFmax}: gjennomsnittleg A-vegd maksimalnivå for dei 5-10 mest støyande hendingane i perioden med tidskonstant "Fast" på 125 ms.

[6] Jf. Produktkontrolloven av 11.06.1979 nr. 79 § 3a

[7] Forskrift om registrering, vurdering, godkjenning og begrensing av kjemikalier (REACH-forskriften) av 30. mai 2008, nr. 516

Verksemda skal halde alle støygrenser innanfor alle driftsdøgn. Støygrensene gjeld all støy frå den ordinære drifta til verksemda, inkludert intern transport på verksemdsområdet og lossing/lasting av råvarer og produkt. Støy frå mellombels bygg- og anleggsverksemd og frå ordinær persontransport av verksemda sine tilsette, er likevel ikkje omfatta av grensene.

Aktivitetar som er ekstra støyande og som vil gå føre seg etter kl. 19, skal varslast på førehand til naboar.

7.2 Lys

For lys som blir nytta til vekstregulering skal lyskjelda ikkje vere direkte synleg ved omkringliggjande bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar og barnehagar.

Ved aktivitet ved anlegget på kveld og natt, må bruk av lys planleggjast slik at det vert minst mogleg til ulempe for naboar eller andre.

8. Energi

Verksemda skal ha eit system for energileiing i verksemda med kontinuerleg, systematisk og målretta vurdering av tiltak som kan setjast i verk for å oppnå ein mest mogeleg energieffektiv produksjon og drift. Systemet for energileiing skal inngå i internkontrollen til verksemda, jf. vilkår 2.7. og følgje prinsippa og metodane gitt i norsk standard for energileiing.

Verksemda skal i størst mogleg grad utnytte overskotsenergi frå eksisterande og nye anlegg internt.

9. Avfall

9.1 Generelle krav

Verksemda pliktar så langt det er mogleg utan urimelege kostnader eller ulemper å unngå at det vert danna avfall som følgje av verksemda. For materiale som vert nytta som biprodukt, skal det kunne dokumenterast at kriteria i forureiningslova § 27 andre ledd er oppfylte.

Verksemda skal i størst mogleg grad avgrense innhaldet av skadelege stoff i avfallet.

Avfall som oppstår i verksemda, skal primært brukast om att, anten i eigen eller i andre verksemder sin produksjon. Dersom dette ikkje er mogleg, eller det fører til urimelege kostnadar, skal avfallet først og fremst materialgjenvinnast. Dersom dette heller ikkje er mogleg utan urimelege kostnadar, skal avfallet så langt det er råd gjenvinnast på annan måte.

Verksemda skal redusere risiko for marin forsøpling mest mogleg. Verksemda pliktar å syte for at all handtering av avfall, inkludert farleg avfall, vert utført i samsvar med gjeldande reglar for slik handtering, som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova og avfallsforskrifta.

Farleg avfall kan ikkje fortynnast på ein slik måte at det kan reknast som ordinært avfall. Ulike typar farleg avfall kan ikkje blandast dersom dette kan føre til fare for forureining, eller det vil skape problem for den vidare handteringa av avfallet. Farleg avfall kan heller ikkje blandast saman med anna avfall, med mindre det lettar den vidare behandlinga av det farlege avfallet og dette gir ei miljømessig minst like god løysing.

9.2 Handtering av farleg avfall

9.2.1 Generelle krav til handtering

All handtering av avfall skal utførast slik at det ikkje fører til avrenning til omgjevnadane. Farleg avfall skal ikkje lagrast lenger enn 12 månader[8]. Kasserte nøter som inneheld meir enn 0,25 prosent koparimpregnering (Cu_2O)[9], reknast m.a. som farleg avfall.

I tillegg gjeld følgjande:

a. All handtering av avfall skal vere basert på ei risikovurdering, jf. punkt 2.7 om internkontroll og punkt 13 om beredskap.
b. Verksemda skal ha kart der det går fram kor ulike typar avfall er lagra.
c. Avfallslager skal vere sikra slik at uvedkommande ikkje får tilgang. Lagra farleg avfall skal ha forsvarleg tilsyn. Lagra avfall skal vere merka slik at ein ser kva som er lagra.
d. Avfall som ved samanblanding kan gi fare for brann, eksplosjon eller at farlege stoff blir danna, skal lagrast med nødvendig avstand.
e. Alt farleg avfall, uavhengig av mengde, skal lagrast innandørs og på tett dekke[10] med oppsamling av eventuell avrenning. Annan lagringsmåte kan godtakast dersom verksemda kan dokumentere at den valde lagringsmåten gir minst like låg risiko og like godt vern.

For visse typar tanklagring gjeld forureiningsforskrifta kapittel 18.

9.3. Handtering av produksjonsavfall og slam

Daud fisk, avskjer og blodvatn skal samlast opp og konserverast omgåande. Ensilasjetankar skal ha tilstrekkeleg kapasitet og vere forsvarleg sikra mot utslepp til miljøet. Ensilasjetankar på land skal vidare ha ei oppsamlingsordning som minst rommar volumet i tanken. Verksemda skal ha beredskap til å kunne handtere massiv fiskedød.

9.4 Mikroplast

Verksemda skal ha tiltaksplanar for å redusere utslepp av mikroplast. Dette gjeld alt plastbasert produksjonsutstyr, frå fôrslangar til nøter og tauverk.

10. Deponi for eige avfall

Verksemda skal ikkje ha deponi for eige avfall.

11. Utsleppskontroll og journalføring

11.1 Utsleppskontroll og journalføring

Verksemda pliktar å systematisk kartleggje eige utslepp til vatn.

Verksemda skal ha eit program for utsleppskontroll som inngår i verksemda si dokumenterte internkontroll. Programmet skal innehalde ei utgreiing av verksemda sine faktiske utslepp til vatn,

[8] Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta) § 11-8

[9] Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta) § 11-2 fjerde ledd, jf. vedlegg 2 nr. 1

[10] Med tett dekke er meint fast, ugjennomtrengeleg og tilstrekkeleg slitesterkt dekke for dei aktuelle materialar/avfallstypar.

med oversyn over alle utsleppstraumar, volum (så langt som råd er) og innhald. Programmet skal og innehalde ei utgreiing av korleis verksemda reknar ut sine utslepp.

Programmet for utsleppskontroll skal til ei kvar tid vere oppdatert.

Følgjande punkt skal journalførast:

1. Årleg produksjon (årleg biomasse)
2. Årleg fôrforbruk og fôrtype (handelsnamn, konsentrasjon av stoff nemnt i vassforskrifta[11] vedlegg VIII C og D og vassregionspesifikke stoff)
3. Årleg kjemikalieforbruk (kjemikalietype, produktnamn, mengd og forbruksperiode)
4. Årleg legemiddelforbruk (legemiddeltype, produktnamn, mengd, forbruksperiode og tilbakehaldingstid)
5. Impregnerte nøter (impregneringsmiddel, virkestoff, grovreingjeringsfrekvens og -metode)
6. Årleg svinn (daudfisk, tap av fisk og leveransemottakar)
7. Naboklager på lukt, lys og støy (tidspunkt, kva det vert klaga på)
8. Rapportar frå gjennomførte miljøgranskingar

Journalen skal oppbevarast i fem år.

11.2 Rapportering til Statsforvaltaren av utsleppsrelevante data

Innan 1. mars kvart år skal verksemda rapportere miljødata og eventuelle avvik for året før til Statsforvaltaren via www.altinn.no. Rapporten skal innehalda følgjande data:

1. Årleg biomasse
2. Årleg fôrforbruk i kilo og fôrtype
3. Fôret sitt handelsnamn og eventuell konsentrasjon av stoff nemnt vassforskrifta vedlegg VIII C og D og vassregionspesifikke stoff
4. Årleg forbruk av legemiddel: type, produktnamn, mengd og forbruksperiode
5. Impregnerte nøter: virkestoff (type og konsentrasjon) og mengd
6. Årleg svinn: daudfisk, tap av fisk og leveransemottakar

Ved samlokalisering skal det sendast inn ein felles rapport.

12 Overvaking av resipient og rapportering til Statsforvaltaren

Verksemda skal syte for overvaking av moglege miljøeffektar av sin aktivitet. Overvakinga skal minimum omfatte granskingane som er spesifiserte nedanfor. Verksemda skal vurdere om desse miljøgranskingane dekker miljøpåverknaden eller om dei treng andre miljøgranskingar i tillegg. Utslepp frå legemiddelbehandlingar ved anlegget og innhald av framandstoff i fôret skal inngå i denne vurderinga. Verksemda må sjølv sette i verk tilleggsgranskingar ved mistanke om at dei pålagde miljøgranskingane ikkje fangar opp den reelle påverknaden på miljøet.

Verksemda pliktar å gjennomføre meir omfattande granskingar dersom Statsforvaltaren finn dette naudsynt for å kartlegge anlegget sin påverknad på resipienten, jf. forureiningslova § 51. Verksemda kan og bli pålagt å betale ein høvesvis del av kostnadene ved ei felles resipientgransking saman med andre verksemder med utslepp til vassførekomsten eller resipienten.

[11] Forskrift om rammer for vannforvaltningen av 15.12.2006, nr. 1446

12.1 Krav til gransking av organisk belastning

Verksemda skal syte for at trendbaserte C-granskingar i samsvar med Norsk Standard NS 9410:2016 blir gjennomførte. Granskingane skal gjerast av eit uavhengig, akkreditert organ som er akkreditert for følgjande metodar: P3003 prøvetaking botnsediment, P12 kjemiske analysar, P21 Taksonomi og P32 faglege vurderingar og fortolkingar.

Resultatet av C-granskinga skal dokumenterast i rapport i samsvar med NS9410:2016. Rapporten skal mellom anna innehalde ei fagleg vurdering av miljøpåverknad frå anlegget og tilrådde utbetrande tiltak.

12.1.1 Tilleggsgranskingar ved redusert tilstand

Dersom ei C-gransking syner at den økologiske tilstanden i C2 er dårlegare enn god eller at den økologiske tilstanden i C3, C4 osv. er dårlegare enn moderat, skal verksemda gjennomføre tilleggsgranskingar i samsvar med eigen plan for betring av miljøtilstand. Denne planen skal sendast inn til Statsforvaltaren for vurdering seinast to månader etter at rapport frå C-gransking er motteken, jf. punkt 12.8.

12.1.2 Tiltak ved uakseptabel botnpåverknad

Dersom rapportar frå tilleggsgranskingar, jf. punkt 12.1.1 syner at utslepp frå verksemda bidreg til den reduserte miljøtilstanden i overgangssona, skal det lagast ein tiltaksplan og gjerast tiltak i samsvar med plan for betring av miljøtilstanden.

Tiltaksplanen skal sendast inn til Statsforvaltaren innan to månadar etter at resultata frå tilleggsgranskingar er motteken. Statsforvaltaren kan be om at ytterlegare tiltak blir gjort.

12.2 Gransking av prioriterte stoff, prioriterte farlege stoff og vassregionspesifikke stoff

12.2.1 Gransking av stoff i samband med C-granskingar

I samband med C-granskinga beskrive i punkt 12.1 skal det samstundes bli teke tre sedimentprøvar frå merdkant, tre prøvar frå stasjon C2 og tre prøvar frå ein stasjon mellom C1 og C2 der det forventast størst akkumulering av organiske partiklar. Ein blandeprøve av sedimentprøvane frå den enkelte prøvestasjonen skal analyserast for innhald av stoff som nemnt i vassforskrifta vedlegg VIII C og D nr. 2 og som har blitt sleppt ut på lokaliteten etter førre gransking, jf. punkt 12.6.

Dersom det har blitt sleppt ut betydelege mengder av vassregionspesifikke stoff[12], skal prøvane også analyserast for innhald av desse stoffa.

Prøvetaking skal utførast av eit kompetent organ som er uavhengig av oppdragsgjevar og analysane skal utførast av eit organ som er akkreditert for den spesifikke analysen.

Resultata frå granskinga skal sendast inn til Statsforvaltaren så snart dei er klare.

[12] Veileder M-608 2016 Grensverdier for klassefisering av vann, sediment og biota – punkt 1.6

12.2.2 Tilleggsgranskingar ved overskriding av grenseverdiar

Dersom resultata frå tilleggsgranskingar syner at konsentrasjon av stoff nemnt i første ledd i blandeprøva frå stasjon C2 overstig grenseverdiane for tilstandsklasse II i rettleiar for klassifisering av miljøtilstand i vatn[13], skal det utførast fleire granskingar. Det same gjeld om konsentrasjonen av dei nemnde stoffa i første ledd i blandeprøva frå ein av dei andre stasjonane overstig grenseverdiane for tilstandsklasse III.

Det skal lagast ein plan for granskingane som skal gjerast i samsvar med rettleiar for risikovurdering av forureina sediment[14] og rettleiar for klassifisering av miljøtilstand i vatn. Granskingane skal gjerast for å vurdere omfanget av forureininga, om det er sannsynleg at den skuldast drifta av akvakulturanlegget og, om dette er tilfellet, kva miljørisiko forureininga representerer.

Prøvetaking skal utførast av eit kompetent organ som er uavhengig av oppdragsgjevar og analysane skal utførast av eit organ som er akkreditert for den spesifikke analysen.

Planen skal sendast inn til Statsforvaltaren for vurdering seinast to månadar etter at resultata frå granskingane er klare. Resultata frå tilleggsgranskingane skal sendast inn til Statsforvaltaren så snart dei er klare.

12.2.3 Tiltak ved uakseptabel miljøtilstand

Verksemda skal lage ein tiltaksplan og gjere tiltak i samsvar med planen for å betre miljøtilstanden dersom tilleggsgranskingane syner at utslepp frå verksemda av stoff som nemnt i vassforskrifta vedlegg VIII C og D nr. 2 og vassregionspesifikke stoff, bidreg til at vassførekomsten ikkje vil nå miljømål fastsett i samsvar med vassforskrifta, eller at gravande botndyr ikkje kan eksistere i anleggssona, overgangssona eller resipienten.

Planen skal sendast inn til Statsforvaltaren for vurdering seinast to månadar etter at resultata frå tilleggsgranskingane er klare. Statsforvaltaren kan pålegge verksemda å utføre ytterlegare tiltak.

12.3 Hydrografimålingar

Det er ikkje sett krav til spesiell overvaking med hydrografimålingar i dette løyvet, utover det som skal vere del av C-granskinga etter NS9410:2016.

12.4 Strandsonegransking

Verksemda skal syte for at det årleg blir gjennomført ei synfaring av strandsona i området rundt anlegget, for å avdekke om ho er synleg påverka av avfall eller forureining frå anlegget. Synleg forureining som til dømes feitt og oljefilm, og effektar av forureining som kan skuldast forureining frå verksemda som til dømes algevekst, skal dokumenterast med tekst og bilete. Avfall inkludert marin forsøpling er regulert i punkt 9.1.

Verksemda skal lage ein tiltaksplan og gjere tiltak i samsvar med planen for å betre miljøtilstanden dersom synfaringa syner at strandsona er synleg påverka av forureining frå akvakulturanlegget. Tiltaksplanen skal sendast inn til Statsforvaltaren. Statsforvaltaren kan be om at ytterlegare tiltak blir gjort.

---

[13] Veileder 02:2018 Klassifisering av miljøtilstand i vann

[14] Veileder M-409 2015 Risikovurdering av forurenset sediment

12.5 Makroalgegransking

Det er ikkje sett krav til makroalgegransking i dette løyvet.

12.6 Overvaking av sårbar natur

Korallførekomstar som er påvist i nærleiken til anlegget skal overvakast for å avdekke eventuell skade som følgje av aktiviteten på og utslepp frå anlegget. Overvakinga skal gjerast av uavhengig og kompetent organ. Forslag til plan for denne overvakinga skal sendast snarast, og seinast to månader etter at dette vedtaket er motteke, til Statsforvaltaren for godkjenning. Rapportar frå overvakinga skal så snart dei er klare sendast til Statsforvaltaren.

12.7 Støysonekartlegging

Det er ikkje sett krav til utarbeiding av støysonekart i dette løyvet.

12.8 Rapportering til Statsforvaltaren og registrering i Vannmiljø

12.8.1 Rapportering av miljøgranskingar, planar og tiltak

Resultatet av miljøgranskingar som blir gjennomførte etter punkt 12 skal sendast fortløpande til Statsforvaltaren via Altinn.

Under er det gitt ei enkel oversikt over kva som skal sendast inn. Nærare informasjon om kva som skal sendast inn og kva frist som gjeld er spesifisert i delkapitla til punkt 12.

1. Rapport frå C-gransking, jf. punkt 12.1
    a. Eventuelt tilleggsgranskingar og tiltaksplan, jf. punkt 12.1.1 og 12.1.2
2. Rapport frå miljøgranskingar av stoff, jf. punkt 12.2.1
    a. Eventuelt tilleggsgranskingar og tiltaksplan, jf. punkt 12.2.2 og 12.2.3
3. Eventuell tiltaksplan for strandsona, jf. punkt 12.4
4. Plan og rapportar frå overvaking av sårbar natur, jf. punkt 12.6

12.8.2 Registrering i Vannmiljø

Resultata frå granskingane som blir gjennomførte etter punkt 12, bortsett frå punkt 12.4 strandsonegransking og 12.7 støysonekartlegging, skal fortløpande registrerast i databasen Vannmiljø[15], men seinast innan 1. mars året etter at granskinga er gjort. Data skal sendast på Vannmiljø sitt importformat. Importmal og oversikt over kva informasjon som skal registrerast i tråd med Vannmiljø sitt kodeverk finst på http://vannmiljokoder.miljodirektoratet.no.

[15] Vannmyndighetenes fagsystem for registrering og analyse av tilstanden i vatn: http://vannmiljo.miljodirektoratet.no/

13 Tiltak for førebygging av og beredskap mot akutt forureining

13.1 Miljørisikoanalyse

Verksemda skal gjennomføre ein miljørisikoanalyse av sin aktivitet. Verksemda skal vurdere resultata med tanke på akseptabel miljørisiko. Potensielle kjelder til akutt forureining av vatn, grunn og luft skal kartleggast. Miljørisikoanalysen skal dokumenterast og skal omfatte alle forhold ved verksemda som kan føre til akutt forureining med fare for helse- og/eller miljøskadar inne på området til verksemda eller utanfor. Ved endra produksjonsforhold skal miljørisikoanalysen oppdaterast.

Risikoanalysen skal ta omsyn til ekstremvær og framtidige klimaendringar.

Verksemda skal ha oversikt over miljøressursar som kan bli råka av akutt forureining og dei helse- og miljømessige konsekvensane slik forureining kan føre til.

13.2 Førebyggjande tiltak

På basis av miljørisikoanalysen skal verksemda, så langt det er mogleg utan urimelege kostnader, sette i verk dei tiltak som er nødvendige for å eliminere eller redusere miljørisikoen. Dette gjeld både sannsynsreduserande og konsekvensreduserande tiltak. Verksemda skal ha ein oppdatert oversikt over dei førebyggjande tiltaka.

13.3 Beredskapsanalyse

Med grunnlag i miljørisikoanalysen skal verksemda utarbeide ein beredskapsanalyse for den eventuelle restrisiko som står att etter at førebyggjande tiltak er sett i verk. For kvar av hendingane som er identifisert i miljørisikoanalysen skal verksemda utarbeide og grunngi

a. organisering av beredskapen
b. naudsynt beredskapsutstyr
c. naudsynt mannskap
d. responstid

Beredskapen skal stå i eit rimeleg forhold til risiko for akutt forureining.

13.4 Beredskapsplan

Miljørisikoanalyse, beredskapsanalyse, førebyggjande tiltak og beredskapsetablering skal dokumenterast i ein beredskapsplan som er ein del av verksemdas internkontrolldokumentasjon.

Beredskapsplanen skal som et minimum omtale den etablerte beredskapens organisering, bemanning, innsatsutstyr og personleg utstyr og angi innsatsplanar for dimensjonerande scenario.

Beredskapsplanen skal haldast oppdatert og kunne visast fram ved behov.

13.5 Beredskapsetablering

Basert på beredskapsplanen skal det etablerast ein beredskapsorganisasjon med mannskap og nødvendig utstyr. Kompetanse, opplæring og organisering skal vere dimensjonert for dei potensielle hendingane som er vurdert å utgjere størst miljørisiko.

13.6 Øving av beredskap

Det skal utarbeidast ein plan for å øve på beredskapen, og det skal gjennomførast øving minst ein gang per år. Det skal utarbeidast klare mål for øvinga inkludert mål for responstid. Øvinga skal dokumenterast i rapportar, med eventuelle tilrådingar om utbetringar. Korleis eventuelle tilrådingar om utbetringar er følgt opp, skal vere dokumentert i internkontrollen.

13.7 Varsling av akutt forureining

Akutt forureining eller fare for akutt forureining skal varslast i samsvar med gjeldande forskrift[16]. Verksemda skal også så snart som mogleg underrette Statsforvaltaren gjennom sfvlpost@statsforvalteren.no i slike tilfelle.

14. Utskifting av utstyr

Ved utskifting av utstyr må det nye utstyret tilfredsstille krava om bruk av beste tilgjengelege teknikkar med sikte på å motverke forureining.

Dersom det skal gjerast utskifting av utstyr i verksemda som kan være av vesentleg konsekvens for verksemda sine utslepp, skal verksemda gje melding til Statsforvaltaren om dette i god tid før det blir tatt avgjerd om val av utstyr.

15. Eigarskifte

Dersom verksemda blir overdregen til ny eigar, skal verksemda sende melding til Statsforvaltaren så snart som mogleg og seinast éin månad etter eigarskiftet.

16. Nedlegging

Viss anlegget blir nedlagt eller verksemda stansar for ein lengre periode, skal eigaren eller brukaren til ei kvar tid gjere det som trengst for å motverke fare for forureining. Viss anlegget eller verksemda kan føre til forureining etter nedlegginga eller driftsstansen, skal verksemda på førehand og i rimeleg tid gi melding til Statsforvaltaren.

Statsforvaltaren kan fastsette nærare krav til tiltak som er naudsynte for å motverke forureining. Statsforvaltaren kan pålegge eigaren eller brukaren å stille garanti for dekning av framtidige utgifter og mogeleg erstatningsansvar.

Ved nedlegging eller stans skal verksemda syte for at råvarer, inkludert fiskefôr, kjemikal og legemiddel, produksjonsutstyr og avfall, inkludert ensilasje og daud fisk, blir teke hand om på forsvarleg måte, under dette at farleg avfall blir handtert i samsvar med gjeldande forskrift[17]. Dei tiltaka som blir sette i verk ved slike høve, skal rapporterast til Statsforvaltaren innan 3 månader etter nedlegging eller stans. Rapporten skal og innehalde dokumentasjon av disponeringa av kjemikalierestar og ubrukte kjemikal og namn på eventuell(e) kjøpar(ar).

Ved nedlegging av ei verksemd, skal den ansvarlege syte for at driftsstaden igjen blir sett i miljømessig tilfredsstillande stand.

---

[16] Forskrift om varsling av akutt forurensning eller fare for akutt forurensning av 09.07.1992, nr. 1269

[17] Avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall

Dersom verksemda ønskjer å starte på nytt, skal verksemda gje melding til Statsforvaltaren i god tid før start er planlagt.

17. Tilsyn

Verksemda pliktar å la representantar for forureiningsmyndigheita eller dei som denne gjev mynde til, føre tilsyn med verksemda til ei kvar tid.

VEDLEGG 1 - Liste over prioriterte miljøgifter, jf. punkt 2.1

Utslepp av desse komponentane er berre omfatta av løyvet dersom dette går uttrykkeleg fram av vilkåra i punkt 3 og punkta etter.

Metall og metallsambindingar:

	Forkortingar
Arsen og arsensambindingar	As og As-sambindingar
Bly og blysambindingar	Pb og Pb-sambindingar
Kadmium og kadmiumsambindingar	Cd og Cd-sambindingar
Krom og kromsambindingar	Cr og Cr-sambindingar
Kvikksølv og kvikksølvsambindingar	Hg og Hg-sambindingar

Organiske sambindingar:

Bromerte flammehemmarar	**Vanlege forkortingar**
Penta-bromdifenyleter (difenyleter, pentabromderivat)	Penta-BDE
Okta-bromdifenyleter (defenyleter, oktabromderivat)	Okta-BDE, octa-BDE
Deka-bromdifenyleter (bis(pentabromfenyl)eter)	Deka-BDE, deca-BDE
Heksabromcyclododekan	HBCDD
Tetrabrombisfenol A (2.2`,6,6`-tetrabromo-4,4`isopropyliden difenol)	TBBPA

Klorerte organiske sambindingar	
Dekloran pluss (syn og anti isomere former)	DP (syn-DP, anti DP)
1,2-Dikloretan	EDC
Klorerte dioksiner og furaner	Dioksiner, PCDD/PCDF
Heksaklorbenzen	HCB
Kortkjedete klorparafiner C_{10} - C_{13} (kloralkaner C_{10} - C_{13})	SCCP
Mellomkjedete klorparafiner C_{14} - C_{17} (kloralkaner C_{14} - C_{17})	MCCP
Klorerte alkylbenzener	KAB
Pentaklorfenol	PCF, PCP
Polyklorerte bifenyler	PCB
Triklorbenzen	TCB
Tetrakloreten	PER
Trikloreten	TRI
Triklosan **(**2,4,4'-Triklor-2'-hydroksydifenyleter)	TCS
Tris(2-kloretyl)fosfat	TCEP

Einskilde tensid	
Ditalg-dimetylammoniumklorid	DTDMAC
Dimetyldioktadekylammoniumklorid	DSDMAC
Di(hydrogenert talg)dimetylammoniumklorid	DHTMAC

Nitromusksambindingar
Muskxylen

Alkylfenoler og alkylfenoletoksylater	
Nonylfenol og nonylfenoletoksilater	NF, NP, NFE, NPE
Oktylfenol og oktylfenoletoksilater	OF, OP, OFE, OPE
4-heptylfenoler (forgrenet og rettkjedet)	4-HPbl
4-tert-pentylfenol	4-t-PP
4-tert-butylfenol	4-t-BP
Dodecylfenol m. isomerer	DDP
2,4,6 tri-tert-butylfenol	TTB-fenol

Per- og polyfluorerte alkylsambindingar (PFAS)	
Perfluoroktansulfonat (PFOS) og sambindingar som inneheld PFOS	PFOS, PFOS-relaterte sambindingar
Perfluorheksansulfonsyre (PFHxS) og sambindingar som inneheld PFHxS	PFHxS, PFHxS-relaterte sambindingar
Perfluorobutansulfonsyre (PFBS), inkl. salter av PFBS og relaterte sambindingar	PFBS, PFBS-relaterte forbindelser
Perfluoroktansyre	PFOA
Langkjeda perfluorerte karboksylsyrer C9-PFCA – C14-PFCA	PFNA, PFDA, PFUnDA, PFDoDA, PFTrDA, PFTeDA

Tinnorganiske sambindingar	
Tributyltinnsambindingar	TBT
Trifenyltinnsambindingar	TFT, TPT
Dibutyltinnsambindingar	DBT
Dioktyltinnsambindingar	DOT

Polysykliske aromatiske hydrokarboner	PAH

Ftalater	
Dietylheksylftalat (bis(2-etylheksyl)ftalat)	DEHP
Benzylbutylftalat	BBP
Dibutylftalat	DBP
Diisobutylftalat	DIBP

Bisfenol A	BPA

Siloksaner	
Dodekamethylsykloheksasiloksan	D6
Dekametylsyklopentasiloksan	D5
Oktametylsyklotetrasiloksan	D4

Benzotriazolbaserte UV-filtre	
2-Benzotriazol-2-yl-4,6-di-tert-butylphenol	UV-320
2,4-di-tert-butyl-6-(5-chlorobenzotriazol-2-yl)phenol	UV-327
2-(2H-benzotriazol-2-yl)-4,6-ditertpentylphenol	UV-328
2-(2H-Benzotriazol-2-yl)-4-(tert-butyl)-6-(sec-butyl)phenol	UV-350